

REKNES BYGGJEVARER LL
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Dato	10.11.2022
Vår referanse	2022/70132-5
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Løyve til endra bruk av avkøyrsla - gnr. 215 bnr. 37 - Eidsnes ytre - Alver kommune

Vi viser til søknad om endra bruk av avkøyrsla datert 21.10.2022.

Saka gjeld

I samband med søknad om bruksendring frå fritidsbustad til einebustad er det søkt om endra bruk av avkøyrsla til eigedom.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§ 43](#) gir vi løyve til endra bruk av avkøyrsla frå fylkesveg 5456 Eidsnesvegen til eigedom gnr. 215 bnr. 37 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselsaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

Vilkår for løyvet

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 21.10.2022.
2. Siktssona for avkøyrsla er 4 x 45 meter.
3. Løyvet gjeld for ein einebustad.
4. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
5. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsla, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
6. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsla*.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsla* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsla frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse Lokalveg (andre lokale funksjonar) jf. Rammeplan 2021-2024.

Slik avkøyrsla ligg i dag er den ikkje dimensjonert for å tole auke i trafikk, og det er vanskeleg å gjere utbetringar utan at store inngrep. Statens vegvesen godkjente avkøyrsla i 2019 etter nokre utbetringar.

Med grunngjeving i at det vert søkt om endra bruk i samband med bruksendring frå fritidsbustad til einbustad, som gjev ei marginal auke i trafikk og gjev vi difor løyve. Det kan ikkje påreknast utvida bruk av avkøyrsla for nye bueiningar.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 **Situasjonsplan 1_1000.pdf**

Kopi til:

ALVER KOMMUNE

Postboks 4